

Kommune	Styre, råd, utvalg m.v. Regionstyret	Møtested: Møterom Femunden, Parkgata 64, Hamar	Møte dato 30.01.2019
---------	---	--	-------------------------

Sak nr :

RS 4-/-19 Klimatiltak, prosjektsøknad

I regionstyresak 74-/-18 vart det sett ned ei arbeidsgruppe for utgreie ein søknad frå ordninga Klimasats.

Arbeidsgruppa har utarbeidd ei prosjektplan, vedlagt. Hensikta med søknaden er: «Valdres Natur- og Kulturpark søker på vegne av alle 6 kommunene, klimasatsmidler type 5; Interkommunale nettverk for kompetanseheving og erfaringsdeling i den hensikt å identifisere klimatiltak som vil ha størst effekt i Valdres.»

Dersom søknaden blir innvilga skal den administrerast frå Valdres Natur- og Kulturpark(VNK), dette arbeidet ligg ikkje i årets handlingsplan som, men me søker å hente naudsynt tidressurs primært frå kapitla generell næringsutvikling /landbruksforum. Dersom det ikkje let seg løyse fullt ut innanfor ressursane me har vil dagleg leiar kome attende til dette og sjå på alternativ som ligg innanfor rammene av søknaden som er fremma. I praksis er det i så fall snakk om ei mindre stillingsauke i arbeidsperioda for ein medarbeider, finansiert av prosjektet.

Arbeidet er ikkje inne som tiltak i år, men det passar godt med den grønne profilen VNK skal ha, og med berekraftssertifiseringa av reismål Valdres. Og det høver godt med arbeidet til Oppland fylkeskommune om klimanøytralt fylke.

Det er foreslått at regionsstyret vil vera styringsgruppe for arbeidet, Regionstyret vil slik vera tett kopla på arbeidet.

Framlegg til vedtak:

- 1) Regionstyret sluttar seg til framlagte prosjektplan
- 2) Regionstyret omdisponerer naudsynt tidsressurs til arbeidet primært frå kapitla generelt næringsarbeid /landbruksforum

Vedtak:

Vedlegg: Klimatiltak i Valdres, prosjektsøknad 2019

sign.

Utskrift sendt til